


VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Årsmelding 2020



Foto: Yngve Ask

Innhold

	side
Fjellstyre	3
Medlemmer.....	3
Aktivitet.....	3
Fjelloppsyn	3
Tilsette.....	3
Aktivitet.....	3
Refusjon	3
Samarbeid – oppdrag	3
Arealet.....	4
Stølsbruk.....	4
Stølar, beite og tilleggsjord	4
Fjellov og stølsforskrift	5
Fjelloven er 100 år	5
Tomtefeste	6
Hyttefester	6
Bustadfester	6
Næringsfester m.m.	6
Festeinntekter.....	6
Fiske.....	6
Sal av fiskekort	6
Stamfiske/fiskeutsetting	7
Registreringar	7
Småviltjakt	10
Forvaltning	10
Jaktkortsalg småvilt	12
Jaktprøver/jakhundtrenings.....	15
Smårovvilt	15
Elgjakt	16
Administrasjon.....	16
Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen.....	16
Driftsplanarbeidet	17
ValHal	17
Hjortejakt.....	18
Rådyrjakt.....	18
Informasjon - tiltak for friluftsliv	18
Tilrettelegging for friluftslivet.....	18
Informasjon.....	18
Inatur	19
Turkart.....	19
Rekruttering til friluftsliv	19
Motorisert ferdsel i utmark	20
Tilskot.....	20
Tilskot frå fjellstyret	20
Grunneigarfondet	20
Økonomi	21
Generelt	21
Resultat.....	21
Eigenkapital.....	22
Vedlegg.....	24
Resultatrekneskap	24
Revisjonsmelding.....	29

Årsmelding 2020

Fjellstyre

Medlemmer

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning:

Leiar	Lars Kvissel	Vara: Johanna Fuglesteg
Medlem	Anne Berit Strømmen Strand	Vara: Einar Lome
Medlem	Terje Kjøs	Vara: Margit Bratvold
Styremedlem	Gerd Nanti Vika Helle	Vara: Per Håvar Moe Nevland

Aktivitet

Fjellstyret har hatt 6 styremøte, behandla 45 saker og vore på 1 synfaring. I tillegg deltok representantar på landsmøte for Norges fjellstypesamband, årsmøte for Fjellstyra i Oppland, årsmøtet for fiskeanlegget FOSA, møter om driftsplan for hjortevilt og årsmøte i Fisking i Valdres. Grunna koronasituasjonen har fleire møte vore digitale.

Fjellstyreleiaren og tilsette har i tillegg delteke på ulike møter og synfaringar.

Fjelloppsyn

Tilsette

Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:
Fjelloppsyn I og dagleg leiar: Harald Ranum
Fjelloppsyn II: Kenneth Monsen
Deltidsoppsyn Gorm Engen, Andris Hemsing
Deltidshjelp i samband med fiskekulturarbeid
og arbeid med tiltak for friluftsliv.
Samla har fjellstyret ca. 1,7 årsverk,
varierande avhengig av oppdrag.



Deltidsoppsyn: Andris Hemsing

Aktivitet

Fjelloppsynet har ein samansett funksjon som omfattar saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Administrasjon og saksbehandling for fjellstyret er viktigaste arbeidsoppgåver for fjelloppsynet. I feltarbeidet er informasjon og tilrettelegging prioriterte oppgåver. Fjelloppsynet har kontorlass på kommunehuset i Slidre.

Refusjon

Etter fjellova §36 skal fjellstyret ha refundert 50% av utgiftene til godkjent oppsynsordning. Refusjonsordninga er no slik at det er årleg godkjennung av budsjett på oppsynsutgifter avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Fjellstyret fekk kr 324.851 (2019: 324.267) i refusjon frå staten.


Samarbeid – oppdrag

Fjellstyret har hatt følgjande oppdrag:

- Driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre kommune, sekretærarbeid
- Ulnes sameige, oppsyn med motorisert ferdsel i utmark
- Felleskortet «Fisking i Valdres», sekretærarbeid
- Prosjekt for «Vannområdene Hallingdal og Valdres», innsamling av vassprøver
- Statens naturoppsyn, naturoppsyn og motorferdselsoppsyn i Valdres

Inntektene ved ulike oppdrag er kr 170.247 (2019: 148.991). Inntekt ved oppdrag varierer frå år til år, men har auka dei siste tre åra grunna eit større oppdrag frå Statens naturoppsyn.

Arealet



- Totalareal: 200.000 daa
+1000 moh: 65.000 daa
- 1000 moh: 135.000 daa
- Lågaste punkt: Vaset 796 moh
- Høgaste punkt: Grense Vang/Grunke 1645 m
- Vatn/vassdrag: 20.000 daa
- Lauvskog: 60.000 daa
- Grensar inn til kommunane: Vang, Hemsedal og Nord Aurdal
- Arealet utgjer 43 % av kommunen
- Ca. 300 stølar og 10.000 daa dyrka jord. Produktive områder som er intensivt brukt med kulturprega stølslandskap
- Ca. 690 fritidsbustader/leiligheter
- 2 felt for bustadar, 14 stk. bustadar
- Utbyggingsområde på Vaset til satsing på turisme
- Stølsvegar i allmenning ca. 135 km
- Statsallmenningen er godt tilrettelagt med rastplassar, informasjonstavler o.l.


Stølsbruk

Stølar, beite og tilleggsjord

Samla er det ca 290 stølar, inkl. 1 fellesstøl. Det er i tillegg 5 stølar som har falt i det fri som det avgiftsfritt feste på. Det 86 avtaler for kulturbeteite/tilleggsjord i allmenningen. Samla utgjer dette ca. 10.000 daa dyrka mark. Vestre Slidre statsallmenning er utan samanlikning det mest intakte og aktive statsallmenning for stølsdrift i landet.

Talet på stølar med gardsbruk som driv mjølkeproduksjon i kommunen går sterkt nedover, jf. tabell for kommunen samla. Dei aller fleste stølane i kommunen ligg i allmenningen. Av dei som driv mjølkeproduksjon i 2019 er 83% på stølen. Dei fleste stølane i allmenningen som ikkje har mjølkeproduksjon er likevel i bruk til beite og førproduksjon.

Kommunen har satsa mykje på hyttebygging dei seinare åra. Statsallmenningen blir friområdet for hytteområda. Statsallmenningen fungerer i praksis som friareal for all hyttebygging i vestfjellet. Dette fører med seg utfordring for landbruket og særleg for utøving av beiteretten. Det har kome framlegg frå landbruksnæringa om å gjerde inn heile Vaset-området og andre plassar har dei også problem med at beitedyr dreg inn i hyttefelt på heimåsen. Det er absolutt nødvendig at det blir gjort tiltak for å sikre at ein kan utøve beiterett når kommunen satsar stort på hytteutbygging. Ved seinare utbygging må det bli eit krav om at beitenæringa blir tilgodesett med midlar til tiltak i utbyggingsavtaler, dette gjeld både ved utbygging i statsallmenningen og på privat grunn. Sidan allmenningen fungerer som friareal for all hyttebygging i vestfjellet, er det også naturleg at tiltak til friluftsliv i statsallmenningen kan sikrast i utbyggingsavtaler. Fjellstyret har sendt innspel om dette til ny kommuneplan.



	Antall besetningar	Antall dyr
Mjølkekjer	45	977
Ammekjer	30	395
Mjølkegeit	2	133
Sauer	22	1449

Fjellov og stølsforskrift

Etter fjellov og stølsforskrift skal fjellstyret forvalte bruksrettane i statsallmenningen. Statskog har i hovudsak berre uttalerett i saker som vedkjem stølsbruk.

Stølar som ikkje har vore ”i bruk” fell i det fri etter 20 år, jf. § 22 i fjellova. Fjellstyret har pålegg om å føre tilsyn om stølane er i bruk. Fjellstyret vil sende informasjon til stølsbrukarane om reglane og be om informasjon/dokumentasjon om bruk.

Regjeringa oppnemnde i 2016 eit lovutval som skal gå gjennom statsallmenningslovverket; fjelloven og statsallmenningsloven. Arbeidet er basert på tre overordna mål: *1. Styrking av lokaldemokratiet, 2. Forenkling og mindre byråkrati i forvaltninga 3. Tilrettelegging for meir verdiskaping basert på naturressursar*. Utvalet la i juni 2018 fram ein NOU med framlegg til ny lov. Fleirtalet sitt syn vil sikre bruksrettane til jordbruket, jakt og fiske. Det vil også legge til rette for styrka lokal forvaltning av allmenningane. Fjellstyret støtta hovudtrekka i framlegg til ny lov i fjellstyrevedtak 8/2019. Det er usikkert om eller når fjellov blir endra.

Fjelloven er 100 år

For 100 år sida, i 1920, kom Fjelloven som regulerer bruk av statsallmenningar. Desse stora fjellområda som allmenningane utgjer, har i all tid vore eit spisskammers for befolkninga. Her har ein henta ut ressursar i fleire tusen år, og fjellet har alltid vore viktig for dei som bur i slike fjellstrok. I 1920 kom loven som med anna beskytter dei lokale sin bruksrett til desse områda.



Fjellstyrene har feira dette 100 års jubileet med å legge ut eit fiskekort som gjeld i 100 år, og i Vestre Slidre statsallmenning vart den heldige finnar Simen Dæhlen frå Gjøvik.

Tomtefeste

Hyttefester

Samla er det 690 fritidsfester og 96 naustfester i statsallmenningen. Ca. 300 av fritidsfesta er gamle hyttefester som ligg spreidd på stølslaga og resten ligg i hyttefelt (Vaset, Rislie, Fauskehaugen og Kvitehaugen). I tillegg er det 2 jakt/fiskebuer som er etablert før 1920.

Bustadfester

Det er det 14 fester for bustadar i allmenningen. Det er avsett to område til bustadbygging på Vaset i kommunedelplan. Det eine området er take i bruk, det andre er under planlegging.

Næringsfester m.m.

I statsallmenningen er det 20 avtaler på næringsbygg/reiselivsbedrifter.

14 avtaler for idretts- og friluftsanlegg/areal, 9 avtaler for renovasjon/kraft- og telenett/basestasjon, 10 avtaler for masseuttak og ein del andre diverse avtaler.

Festeinntekter

Fjellstyret skal ha 50% av festeavgiftene på hytter/hotell, andre feste- og avtaleinntekter går til grunneigarfondet. Festeinntektene gav fjellstyret ei inntekt på kr 1.194.316 (2018: 1.051.794). Andre feste- og leigeinntekter som ikkje blir fordelt er opplysning frå Statskog ca. kr 250.000. Auke i inntekter kjem i hovudsak som følgje av utbygging på Vaset. Festeinntekter blir normalt justert opp etter KPI. Når festetida er ute, blir festeavtale fornya og festeavgift er justert opp til marknadsnivå. Næringsstomter blir justert ved faste tidsintervall.

Fiske


Sal av fiskekort

Det vart selt stk. 1.666 (2019: 1.235) fiskekort samla for innan- og utanbygdsbuande Kortsaket gav ei bruttoinntekt på kr 449.363 (2019: 360.619), inkl. kr 18.672 frå felleskortet «*Fisking i Valdres*». Det er fastset nye reglar for utbetaling av utbytte for *Fisking i Valdres* og det blir årleg utbetalingar som er basert det enkelte grunneigarlaget sin omsetning. Til diverse fiskekulturarbeid og stamfiske har fjellstyret brukt kr 89.973 (2019: 96.162), i tillegg kjem fjelloppsynet sitt arbeid.

Fiskekort blir selt via SMS på mobiltelefon, på internett via www.inatur.no og på butikkar o.l. Digitalt salg har auka frå 2% til 82% dei siste seks åra.

Sal av kort fordelt på korttype:

Innanbygds				Utanbygds											
Enkeltkort		Familiekort		Enkeltkort				Familiekort							
1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	veke	år				
89	7	3	61	4			25	786	154	61	172				
160				29				1252							
189															
1666															



Stamfiske/fiskeutsetting

Fjellstyret har i mange år drive stamfiske i Grønsenn, Nestisvatnet og Mosvatnet for levering av rogn til fjellstyra sitt settefiskanlegg FOSA. Etter at FOSA har sikra større leveringsavtale til regulant, er det behov for meir rogn. Fjellstyret leverte 9,8 liter rogn til FOSA. Dette gav ei inntekt på kr 27.352.

Fjellstyret har sett ut 1.000 stk. 2-årig settefiske til saman i Sørre og Midtre Syndin. I Buaråne var det satt ut 50-fleirårig settefisk. I dei andre vatna vart det sett ut 1-årig fisk og dette gjeld Mosvatn (500 stk.), Grønsenn (800 stk.), Nestisvatn (700 stk.). I Storfjorden vart det som vanleg sett ut 10.000 toårig settefisk.


Registreringar

Mange fiskarar er flinke til å sende inn statistikk etter at fisket er avslutta om hausten. Dette materialet gjev oss nyttig grunnkunnskap om tilstanden i vatna. Ein får på dette viset meir kontinuerleg overvaking av vatna og eit sikrare grunnlag å vurdera kultiveringstiltak på. Dette er kostnadssparande og styrkjer kontakten mellom forvaltninga og brukarane av vatna.

Fjellstyret får inn fiskerapportar for dei fleste vatn. Frå 2020 vurderer ein å samle inn skjellprøve årleg, for å lage ei tids-serie med analyse av fiskeskjell. Skjell er den mest brukte strukturen for avlesing av alder. Dei er enkle å samle inn, og årssonene kan identifiserast på raskt veksande fisk. Skjell kan også fortelje om overgangar til meir næringsrikt bytte, for eksempel frå bunndyr til fisk.

	garn						oter				
	Maskev.	Antall			Fisk/	Snitt	Antall		Fisk/	Snitt	
Vatn	mm	garn	fisk	kg	garnn.	fisk,kg	timar	fisk	kg	time	fisk, kg
S.Syndin	35	18	8	5	0,44	0,64	0	0	0	0	0
M.Syndin	35	87	45	29	0,52	0,64	80	97	66,4	1,22	0,68
Storfjorden	35	182	136	62	0,75	0,46	46	137	53	3,01	0,39
Rensenn	35	95	86	33	0,91	0,38	13	76	19,6	5,85	0,26
Mosvatn	35	254	186	93	0,73	0,5	47	35	17,4	0,75	0,5
Nestisvatn	35										
Grønsenn	35						3	9	4	3	0,44
Sum	35	636	461	222			188	354	160		

Ut frå fangstrappportane har ein satt opp følgjande fangstoversikt for 2020:




Takk til alle som har sendt inn rapportar. Vi ynskjer fleire som kan bidra til å vere med å samle inn skjellprøver – ta kontakt!



Statusoversikt for fiskevatna

Nr på kart	Navn	Status	Utsatt fisk i 2020
Vatn	1 Bjødnhøvdtjedn	Bør fiskes mer da det er en del gammel fisk.	
	2 Grønsenn	Svært god vekst og fin aure.	800, 1-årig
	3 Kringeltjedn	Konkurranse av ørekyte.	
	4 Kroktj. (Lomtj.)	Tynn bestand, god kvalitet.	
	5 Køltjedn	(Svært få prøver)	
	6 Langebergtjedn	Svært god vekst, fin størrelse på auren.	
	7 Matkista og Halvorstølstj.	Middels vekst. Mindre abbor de siste årene.	
	8 Midtre Syndin	Svært god og utholdende vekst. En del stor aure.	500, 2-årig
	9 Mosvatn	God vekst.	
	10 Nestisvatn	Svært god vekst og fin aure.	700, 1-årig
	11 Nørre Syndin	Svært god vekst, fin størrelse på auren.	
	12 Rensemenn	Middels vekst, overbefolka.	
	13 Skardtjedn	Bestanden på veg opp.	
	14 Skruvletjedn	Middels god vekst, god bestand.	
	15 Storfjorden	God vekst, avhengig av fiskeutsetting.	10.000, 2-årig
	16 Strøstjedn	Tett abborbestand gir auren middels vekst.	
	17 Svulttjedn	God vekst og god bestand.	
	18 Sørre Syndin	God og utholdende vekst. En del stor aure.	500, 2-årig
Elv	19 Buaråne	Stor variasjon i fiskestørrelse	50, fleirårig
	20 Flyosen	Stor variasjon i fiskestørrelse	
	21 Krokåne		
	22 Rassvæta		
	23 Reina		



Oterfiske for utanbygds

I Rensenn kan utanbygds kan fiske med oter. Dette er eit godt motteke tiltak og i 2020 vart det seld 22 oterkort i Rensenn. Det har vore ynskje frå utanbygds å kunne fiske med oter i fleire vatn. I 2019 vart det fastsett prøveordning for Storfjorden med maks 3 oterkort pr. dag i perioden 15.06-15.08 og dette vart ei fast ordning i 2020. Det vart seld 57 stk. dagskort i 2020.

Fiskeguide

Fjellstyret har i samarbeid med Vestre Slidre jeger- og fiskarlag laga ein fiskeguide for statsallmenningen. Dette er ein trykksak på 72 sider og i tillegg ein digital versjon som ligg på fjellstyret si nettside. Guiden har mykje god informasjon om kvart vatn med kart, faktaproblemer og fisketips. <http://www.vestre-slidre-fjellstyre.no/fiske/fiskeguide/>

Fiskeguide for Vestre Slidre statsallmenning

2 Grensenn

Området	230 km ² , 1000 døgn. Vannet er relativt rent med mye store vannspeil. Gammelvannet mellom 2 og 3 meter dyp, grunn med sandgrus. Størrelsen er også relativt stor.
Pålsmoen	Avgangspunkt. God startpunkt til vannet, herfra kan man starte opp i både vest og øst. Det er også mulig å fiske fra brygga.
Bakkeseter	Det meste av vannet med unntak av en liten del ved Høyevatn.
Bakkevannet	God for eksemplar av storlaks. Herfra er også god oppgang til vannet vest og øst.
SFI	Bortsett fra medlemmene i laget og de fleste gjester, har det ikke vært rapportert om fisk i vannet. Åpenhet til nye oppslag for overvannet, både fra Norgesfisk og Fiskeriforbundet.
Adresser	Fiskeforeningen Grimstadvatnet har fått tilgang til kartbrønnene og har laget et nyt kart over Grimstadvatnet. Det viser alle vannene i Grimstadvatnet, både de store og små. Det viser også vannets størrelse, dybde og vannnivå. Denne informasjonen kan brukes til å finne de beste stedene for fisket etter framkomstmønstrene.

3 Faktaopplysninger for vann og elver

Vassdrag	Navn	Nivå	Nedbør	Årsnedbør	Årsutslipp	Årsutslipp vann	Årsutslipp CO ₂
1	Bjørnsjøen (bj.)	980	10	-	-	-	0
2	Grensenn	874	1100	-	*, 0,5	*, 0	0
3	Kringkjøl	1020	40	-	1	1	0
4	Kringkjøl	1020	100	-	1	1	0
5	Kalbjø	866	100	-	0	0	0
6	Långbergvatn	1010	40	-	*, 1,5	*, 1	0
7	Høyevatn	870	230	-	*, 1,5	*, 1	0
8	Midtsjø Synnfjell	937	2700	-	0	0	0
9	Midtsjø Synnfjell	937	1500	-	0	0	0
10	Nostvatnet	871	550	-	0,3	0	0
11	Nære Synnfjell	937	164	-	0	0	0
12	Nære Synnfjell	937	164	-	0	0	0
13	Skarlebø	980	31	-	0,5	0	0
14	Skarlebø	980	230	-	2,5	2,5	0
15	Sørfjorden	874	1000	-	0	0	0
16	Sørfjorden	874	100	-	0	0	0
17	Svartvatn	945	250	-	0,3	0	0
18	Svartvatn	909	2100	-	0	0	0
19	Buarøen	864-856	-	1	*	0	0
20	Flysjen	355-853	-	0,2	*	0	0
21	Krekkine	910-796	-	8,5	*	0	0
22	Rauvatn	932-801	-	6,7	*	0	0
23	Reins	923-856	-	3,5	*	0	0

* Nær Synnfjell. Copyright 2010. Nær Synnfjell, Prod. Lang, area 16000 daa

Småviltjakt

Forvaltning

Fugl:

Fjellstyret er bevisste på at jakt i stor grad kjem i tillegg til naturleg tap i småviltbestandane. Med bakgrunn i dette er det viktig med ei langsiktig forvaltning. Kunnskap om ressursane er basis for jaktreglane. Fjellstyret vedtok å frede rypa, både li- og fjellrype, i 2012 og 2013 pga. av svak bestand. I 2014 vart det opna for ei forsiktig jakt på rype og det var ei rimelig fordeling mellom innan- og utanbygdsbuande for jakt utan hund. I 2015 vart rypa freda på nytt. I 2016 var både kyllingproduksjonen og den totale tettleiken av rype høgare enn på mange år og det vart gjennomført jakt.

Jaktpresset er tidlegare redusert gjennom færre kort, dagskvote og redusert jakttid. For å gi jegerane eit tilbod, vart det lagt til rette for jakt på anna type vilt og trening med fuglehund, m.a. jakt på smårovvilt.

Taksering:

I 2009 tok fjellstyret i bruk linjetaksering etter Distance sampling metoden(avstandsmetoden). Takseringa skjer ved at mannskapane, minimum 2 mann saman med ståande fuglehund, går forhandsbestemte linjer i terrenget. Desse linjene vert fylgt med GPS. Oppflukter blir registrert og andre detaljer blir også journalført. Alle registreringar blir lagt inn i eit dataprogram som bereknar bestandsstorleik og kjuklingproduksjon. Vestre Slidre jeger- og fiskarlag saman med andre jegerar i kommunen står for den praktiske gjennomføringa i felt, etter opplegg av, og i samarbeid med fjelloppsynet.

Vi har vore ein del av Rypeforvaltningsprosjektet 2006-2011. Oppsummering av prosjektet kom i 2013 i boka "Rypeforvaltning, Rypeforvaltningsprosjektet 2006 – 2011 og veien videre" av Hans Chr. Pedersen og Torstein Storaas (red).

Takseringsresultat:

År	Ant. linjer	Ant. meter	Ant. obs.	Ant. ryper	Ryper/obs	Ryper/km ²	Ant kylling/høne
2020	26	75 300	50	235	4,7	15,8	3,4
2019	24	82 700	64	255	4,1	10	2,7
2018	26	87 000	91	502	5,5	23	4,2
2017	26	93 100	85	386	4,5	23,6	3,3
2016	26	90 800	54	306	5,6	19,1	3,9
2015	26	92 400	36	115	3,2	4,5	1,9
2014	21	68 950	32	165	5,1	14(8-23)	5,7
2013	22	76 883	18	95	5,2	6(4-11)	4,4
2012	22	71 755	21	56	2,6	3(2-5)	2,5
2011	23	74 663	26	92	3,5	5(4-7)	1,9
2010	19	64 265	18	81	4,5	8(5-14)	3,6
2009	22	68 650	31	96	3,1	7(4-13)	1,8

For å halde ein konstant vaksenbestand må vi ha 2,5 kjuklingar per rypepar i august. Dette omtalast som ei nedre grense for jaktbart overskot. Fleire kjuklingar vil gje ein aukande bestand, færre minkande bestand. Takseringa gjer eit godt grunnlag for vidare småviltforvaltning og ein får ein peikepinn på kva tiltak som må settast i verk for å hindre for stor avskyting.

Produksjonen må være over 2,5 kylling per høne for at vi skal ha eit jaktbart overskot. Ein må vurdere talet ryper som er observert per km². Ut frå dette kan ein berekne ca. størrelse på den totale bestanden vi har i Vestre Slidre statsallmenning. Det er ikkje vist at det gjer nokon forskjell neste haust om man fredar eller har ei forsiktig jakt(<15 %). At det ikkje er vist forskjellar, kan ha samanheng med økologiske forhold som at unge omflakkande rovfuglar kan bli tiltrekt til freda områder – og så dør mange ryper som kunne blitt skutt, likevel. Ved bestander på for eksempel 5 ryper per km² blir 15 % uttaket mindre enn 1 rype per km². Her nærmar vi oss ei følelesmessig grense, og det er lite tilfredsstillande for jegeren å felle ryper som burde fått leve til neste vår!

På bakgrunn av kunnskap om korleis rypene spreier seg så tilrår Rypeforvaltningsprosjektet 2006-2011 å undersøke jakttrykket i heile fjellområdet/naboterrenget. Ein bør kunne forvalte ein stor andel av eigne gamle ryper og ungsteggar på eit terrenget på 30-50 km². For at halvparten av unghønene som er født i området skal slå seg ned der må ein opp i



et terrenget på 300-400 km². Dette betyr at Vestre Slidre statsallmenning i stor grad er avhengig av kva som skjer utanfor terrengets grenser.

Jaktkortsalg småvilt

Jaktkortsalet gav ei inntekt på kr 427.236 (2019: 389.366). Etter ein gjekk over til avskyting etter resultatet frå taksering, vil inntektene varierer frå år til år etter kor stor rypestamma er. I 2020 var det ein god fuglebestand og det kunne seljast fleire jaktkort. Inntekt gjekk derfor noko opp. Ein har i tillegg selt kort for trening med fuglehund for kr 131.480.

Kortsalget fordeler seg slik:

2020			Kortperiode	1 dg	2 dg	3 dg	5 dg	veke	10 dg	sesong	sum
Innan- og utanbygdsbuande	Fritt salg	rovvilt m.m.	01.1-31.12							127	127
		and og ringdue	21.08-14.09	6							6
	Begrensa kortsalg	småviltjakt u og m/hund	15.09.2019				47			3	50
			20.9-24.09				47			3	50
		orrfugljakt u og m/hund	15.9-19.9				20				20
			20.9-24.9				20				20
		orrfugljakt u og m/hund	15.10-14.12	305				1		13	319
		Småviltjakt u og m/hund	05.10-03.12	94							94
		treningskort fuglehund	5.10-1-4	106						117	223
		harejakt m/hund	15.10-14.12	120				15	4	20	159
Utanbygdsbuande	Fritt salg	småviltjakt u/hund	15.9-14.12	7						5	12
		småviltjakt m/hund	15.9-14.12	7						28	35
Innanbygdsbuande	Fritt salg										

Jaktstatistikk

Ut frå rapportane er det rapportert total felling på 389 ryper, 51 orrfugl og 62 harar. Ang vengeprøver ser ein ikkje lenger trøng for å levere dette inn, enn så lenge ein har detaljerte takseringar før jakta startar, då ein finn grunnlag før jakta via taksering.



Felling mellom innanbygdsbuande, fritt og regulert kortsalg for utanbygdsbuande fordeler seg slik:

Jaktdagar og felt vilt			Jakt-dagar	lirype	fjellrype	orrfugl	hare
Innanbygdsbuande			275	111	11	2	2
Utanbygdsbuande, regulert periode			312	165	32	5	0
Utanbygdsbuande, fritt kortsalg orrfugl- og harejakt			945	58	12	44	60
Sum			1532	334	55	51	62

År	Felt vilt Li- og fjellrype	Haustbart overskot for rype	Felt vilt Orrfugl	Felt vilt Hare
2020	389	415	51	62
2019	269	260	26	50
2018	626	805	46	56
2017	442	620	22	22


2016	151	500	43	35
2015	0	0	6	17
2014	79	370	20	30
2013	0	0	8	19
2012	0	0	8	18
2011	36		10	28
2010	215		33	32
2009	250		49	16
2008	501		63	20

Statistikk, fuglejakt:



Hare:

Samanlikna med 80-talet har bestanden hatt ein liknande nedgangen som rype. Ein har ikkje endra forvaltninga vesentleg dei siste åra, men interessa for å få tildelt jaktkort har gått sterkt ned dei siste 10 åra. Jaktpresset er på denne måten redusert, utan at ein har behøvd å setja i verk spesielle tiltak.

Statistikk, harejakt:

Det er mangelfull rapportering (om dagar med jakt) som mest truleg er årsak til endra statistikk for jaktkort i forhold til jaktdagar. Dei fleste korta på harejakt blir selt via www.inatur.no. Sidan flest harejaktkort blir selt via www.inatur.no er det frå 2016 rekna ut det totale antalet harar som har vorte felt, både i regulert periode og ved fritt kortsalg.


Jaktprøver/jakthundtrenings

Fjellstyret har hatt ei inntekt på kr 131.480 (2019:115.685) på jakthundtrenings/jaktprøver.

Smårvilt

Felles jaktkort for smårvilt i Vestre Slidre og Ulnes sameige

I samband med at fjellstyret freda rypa i 2012, forslo jeger- og fiskarlaget at det var oppretta ei gruppe som skulle sjå nærare på jakt på smårvdyr. Gruppa var samansett av tre frå jeger- og fiskarlaget og to frå fjellstyret. Gruppa foreslo at det vart oppretta eit felles jaktkort for smårvdyr i Vestre Slidre, men såg gjerne at dette vart utvida til å gå ut over kommunegrensa. Fleire av smårvdyra beveger seg mellom bygd og fjell, og større jaktområde vil gi meir effektiv jakt. Det vil derfor være ein stor fordel om jegerane kan jakte over eit større område. Det langsigke målet er å få til eit jaktkort for smårvilt for ein større del av Valdres. Eit auka uttag av smårvdyr kan gi eit positivt utslag for småviltbestanden, samstundes som det er ei utfordrande og interessent jakt i seg sjølv.



Kortordninga er administrert av fjellstyret og fjellstyret står for kontroll av felt vilt for utbetaling av skotpremie. Jaktkortet blir selt ia www.inatur.no. Jaktkortet gjeld på følgjande artar: raudrev, grevling, mår, mink, røyskatt, mårhund, kråke, ravn, skjære, nøtteskrike, gråmåke og svartbak. I 2017 vart det oppdraga misbruk av ordninga ved at det vart jakta vanleg småvilt på kortet. Felleskortet gjeld derfor ikkje i perioden 1.september til 31.oktober.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har premiering for dei som deltek i jakt på smårvilt. Kommunen og fjellstyret delar utgiftene til skotpremie. Det vart totalt betalt ut kr 33.510 i skotpremie. (Skotpremie betalast ut både for felleskort for smårvilt samt jakt på eigen eigedom)

Felles jaktkort på smårvilt har vore i drift frå 2013 og følgjande er med i felleskortet:

- Vestre Slidre statsallmenning
- Veståsen grunneigarlag
- Slidreåsen grunneigarlag
- Austre Røn grunneigarlag
- Ulnes sameige
- Færden og Fosheim sæter
- Vestre Lomen grunneigarlag
- Syndinfjellet grunneigarlag



Jaktstatistikk smårvilt

	jaktkort	rev	kråke	skjære	ravn	mår	grevling	mink	røyskatt	skotpremie
2020	87	58	94	65	55	9	2	2		33.510
2019	114	93	3		1	9	7			64.310
2018	125	48			1	3	7			22.850

2017	110	53	274	80	29	3	4	7	1	40.270
2016	140	19	29	6	31	1	5	15	2	17.360
2015	113	27	9	6	1	2	0	9		17.000
2014	124	57	68	23	5	7	1	1		27.300
2013	41	21	49			1	3			

Det er ynskjeleg at fleire grunneigarlag blir med i ordninga og det langsigktige målet er å få til eit jaktkort for smårovvilt for ein større del av Valdres.

Elgjakt


Administrasjon


Søknad om elgjakt og trekking av jaktfelta skjer via internett på Inatur.no, nettportalen som bl.a. Norges fjellstyresamband er medeigar i. Arbeid med kontraktskriving og fakturering blir gjort av fjellstyret. Allmenningen er no delt i 3 jaktfelt og blir leig ut på 4-års kontrakt. Elgjakta gav ei inntekt på kr 117. 013 (2019: 110.996). Til fråtrekk frå inntekt kjem fellingsavgifter og administrasjonsavgift til NFS og driftsplanstyret.

Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen

Det vart til saman skote 8 elg (2019: 8 elg) i allmenningen, fordelt på 2 kalv, 3 ungdyr og 3 oksar. Det er ein aukande bestand i vestfjellet og grunnkvota har dei tre siste åra vorte auka.

Den auka avskytinga har og ein samanheng med påvist CWD i Nordefjella, der Vestre Slidre ligg inntil som ein buffersone. Det er eit ynskje frå statleg hald om å auke avskyting.





Dei siste tre åra er det felt så få dyr at det er for lite grunnlag å rekne ut gjennomsnittsvekter på, tabell er derfor ikkje oppdatert etter 2014. I 2020 var vekt på felt dyr slik: 2 kalv (55 kg og 58 kg), 3 ungdyr (124 kg, 133 kg og 158 kg) og 3 oksar (198 kg, 227 kg og 258 kg).

Driftsplanarbeidet

Alle grunneigarlag i kommunen har frå 1997 samarbeidd om driftsplan. Gjennom dette arbeidet har ein gjort mange nyttige erfaringar slik at ein har betre kunnskap til å forvalte elgstamma i framtida. Driftsplanen omfattar alt hjortevilt.

Elgstamma var i sterkt vekst før ein starta med driftsplanarbeidet og ein hadde som mål å redusere veksten i stamma. To år med rekordkvoter stoppa veksten og avskytinga vart redusert etter dette. Taksering av elgbeita i 2005 syntte likevel at vinterbeitene i kommunen var hardt belasta og det var nødvendig å redusere bestanden meir. Tilbakemeldingane frå elgjegerane er klare på at bestanden i fjellet no er kraftig redusert. Elgen i statsallmenningen er trekkelg og dyra går truleg sør aust mot Hallingdal. Både under trekk og i vinterområda blir det drive vinterjakt. I desse områda har det vore eit mål om å redusere bestanden pga. beiteskader på skog. Det er derfor avskyting utanfor vårt område som i stor grad bestemmer storleik på elgstamma i statsallmenningen.

Tildelt totalkvote for kommunen var 125 elg og 100 hjort. Det vart det felt 86 elg og 40 hjort.

ValHal

Vestre Slidre driftsplanlag for hjortevilt er med i ValHal. Dette er eit regionsamarbeidet for elgforvaltning mellom 8 kommunar som ut frå dagens kunnskap dannar ein naturleg region for elgen. Det er fire kommunar frå Hallingdal; Flå, Nes, Gol og Hemsedal og fire kommunar frå Valdres; Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang.

Det blir arrangert felles møter og felles gjennomgang av innsamla materiale med tilråding om avskytingsstrategi, men det er ikkje noko forpliktande samarbeid.

Elgmerkeprosjekt i ValHal-elgregion og øvre Hallingdal

I 2013 vart det starta opp eit merkeprosjekt av elg i Valdres og Hallingdal. Ved radiomerking kan ein sjå korleis elgen beveger seg i dei forskjellige områda og kvar han høyrer til. I forvaltninga er det viktig å kartlegge opphaldsområda til elgen gjennom året. Sendarane har ein batterikapasitet på to år. Det skisserte prosjektet starta i oktober 2013 og blir avslutta i april 2017. Merking av 35 elg vart gjort i februar 2014. Fleire av dei merka elgane har hatt fast

ophald i Vestre Slidre vestfjell om sumaren og ein kan med tidsforsinking følgje dei merka elgane på www.dyreposisjoner.no. Dette prosjektet er no avslutta, og målet er å ha henta inn kunnskap slik at ein kan forvalte elgstamma på ein langt betre måte enn ein gjer i dag.

Hjortejakt

Statsallmenningen hadde kvote på eitt dyr. Det vart ikkje felt dyr.

Rådyrjakt

Kortslet er administrert gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Det vart selt 3 rådyrkort og ingen dyr vart felt. Kortslet gav ei inntekt på kr 600 (2019: kr 800).

Informasjon - tiltak for friluftsliv

Informasjon og tilrettelegging er eit prioritert arbeidsfelt for fjellstyret.

Tilrettelegging for friluftslivet

På tilrettelegging for friluftslivet har fjellstyret brukt kr 39.586 (2019: 41.264). Av dette utgjer tiltak på «Mjølke-Lars bue» i Flikja kr 2.688. Bua vart leigd ut det meste av juni, juli og august. Utleigeinntekt for 2020 var på kr 35.570 (2019: 35.260)

Nye tiltak gjennom UKL i 2020 er følgjande:

- Forbedring av båtutstilling ved Buaråne, Liseth og Rensenn
- Utvida parkeringsplass ved Grønsenn



Oversikt på tiltak i statsallmenningen:

Informasjonstavler: 12 stk.

Skilt: 85 stk.

Rastebord: 29 stk.

Doar: 13 stk.

Parkeringsplassar: 11 stk.

Open bu: 1 stk.

Bu til utleige (inkl båt): 1 stk.

Gapahuk: 1 stk.

Båt til fri bruk: 1 stk.


Båtutstittingsplassar: 8 stk



Informasjon

Internett er den viktigaste kjelda for å finne informasjon om fjellstyret og statsallmenningen.

Fjellstyret har nettside (www.vestre-slidre-fjellstyre.no) med informasjon om jakt, fiske og anna orientering om allmenningen. Frå 2003 er fjellstyreveitak, årsmelding og offentleg ettersyn tilgjengeleg her. Fjellstyret fekk i 2018 ny nettside som er tilpassa mobil og nettrett.



Fjellstyret har side på Facebook; www.facebook.com/vestreslidrefjellstyre. Informasjon på Facebook er eit supplement til vanleg nettside.

Inatur

Internettportalen www.inatur.no er eit felles satsingsområde for Norges Skogeierforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, Statskog og Norges fjellstyresamband. På portalen skal du kunne få informasjon og kjøpe tenester innan jakt, fiske, hytteutleige og kart. Fjellstyret tilbyr hytteutleige, jakt- og fiskekort på internett frå Inatur. Søknad og tildeling av elgjakt går også gjennom Inatur.



Turkart


Sal av kartet gav ei inntekt på kr 20.745 (2019: 8.585). Fjellstyret må før sumarsesongen 2022 trykke nytt og oppdatert turkart.

Rekruttering til friluftsliv

Fjellstyret har i samarbeid med jeger- og fiskarlaget brukt å ha isfiskedag i mars for 5. klassane, fiskedag i juni ved Buaråne for 6. klassane og fiskeutsetting med 9. klasse i juni. Alle desse aktivitetane vart avlyst grunna korona. Saman med jeger- og fiskarlaget er det arrangert ein familiefiskedag ved Buaråne i juli.

Samarbeidsgruppa har ein 30-manns lavo, båt, fiskeutstyr, turutstyr m.m. Dette utstyret blir brukt i ulike samanhengar på skulen og andre arrangement. Fjellstyret dekkjer som tidlegare kostnadane til jegerprøven og gir gratis fiske- og jaktkort for ungdom tom 20 år.

”Turmål i Vestre Slidre” er eit friluftstiltak som fjellstyret driv. Målet er å få folk i alle aldrar ut på tur og bli kjent i kommunen. Dette er 10 turmål i forskjellige delar av kommunen og deltakarane blir premiert med ein keramikkopp. Vestre Slidre sparbank er med å dekke delar av utgiftene til krus. Til saman er levert 111 stk. skjema frå personar som har gått turane.



Motiv på turmålkoppen 2020

Motorisert ferdsel i utmark

Ulovleg bruk av snøskuter varierer over tid og dei siste åra har det vore auka aktivitet i enkelte område. Det mest bekymringsfulle er likevel at det har vore fleire tilfelle med barmarkskjøring med bil og ATV og dette gir langvarige spor i terrenget.

Erfaring syner likevel at ein del miljø er töffare og politiet tilrår fjelloppsynet å vera varsam med å drive slikt oppsyn åleine. Fjelloppsynet har opplevd trugane oppførsel under snøskuterkontroll. Etter tiltak frå regionalt oppsynsutval har fjellstyret vedteke å stille fjelloppsynet til disposisjon for snøskuterkontroll over kommunegrensene i samarbeid mellom politi, SNO og fjelloppsynet. I 2020 er det gjennomført fleire kontrollar vinterstid ut over Vestre Slidre statsallmenning, både gjennom sal av tenester (SNO og Ulnes sameige), samt samarbeid med politiet.

Lov om ”Motorisert ferdsel i utmark” vart endra på ein del punkt i 2015. Ved denne lovendringa vart grunneigar sin styringsrett med motorisert ferdsel i utmark overført frå Statskog til fjellstyret. Fjellstyret har vore pådrivar i prosessen då ein såg behov for å styre motorisert ferdsel i utmark meir enn det Statskog og kommunen gjorde. Fjellstyret har gjort eit prinsippvedtak om korleis ein skal behandle saker knytt til motorisert ferdsel i utmark. Det vil bli utarbeidd avtaler med løypelaga basert mal godkjent av DNT, NFS mfl.



Oppsyn saman med Statens naturoppsyn SNO)

Tilskot

Tilskot frå fjellstyret

Fjellstyret har gjeve kr 1.365 i tilskot (2019: kr 32.150). Fjellstyret har i 2019 berre gjeve tilskot til skotpremie. Fjellstyret og kommunen avtale om å dele likt på utgiftene til skotpremie. Tilskot til skotpremie var på kr 1.365. Grunnen til at det er så lite til skotpremie, er at fjellstyret betalte for myke i 2019.

I samarbeid med Vestre Slidre kommune har fjellstyret i mange år hatt ei tilskotsordning til framføring av straum eller innkjøp av aggregat til stølar med mjølkeproduksjon. Stølbruksarar som bind seg til mjølkeproduksjon på stølen i 5 år får 30 % tilskot, avgrensa opp til kr 50.000. Tilskotsordninga kan til ein viss grad binde opp kva andre tiltak fjellstyret kan støtte. Det vart ikkje gjeve tilskot til straum eller aggregat i 2020.

Grunneigarfondet

Festeinntektene frå statsallmenningen blir delt likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. Privatpersonar, kommunar, organisasjonar og andre kan søkje om tilskot eller lån Frå

Grunneigarfondet til tiltak i allmenningane eller som utnyttar resursar frå allmenningane. Statskog administrerer bruken av fondet.

I framlegg til ny fjellov har fleirtalet foreslege at alle grunneigarinntekter skal delast likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. I høyring til ny fjellov tilrådde fjellstyret at ein større del av grunneigarinntektene kunne bli att i lokalsamfunnet. Fjellstyret foreslo at lovtekst vart endra til at fjellstyret skal minimum ha 50% av alle brutto grunneigarinntekter og at ev. fordeling ut over 50% kan fastsetjast i eigen forskrift.

Økonomi

Generelt

Fjellstyret er eit frittståande organ både økonomisk og administrativt. Alle inntekter frå jakt og fiske i allmenningen går direkte til fjellstyret. Festeinntektene frå hytter/hotell blir delt likt mellom fjellstyret og Grunneigarfondet (administrert av Statskog). Fjellstyret får refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning direkte frå staten ved eige post i statsbudsjettet. Sum i statsbudsjettet aukar langt mindre enn utgifter til oppsyn aukar. Godkjent oppsynsordning er slik at det i praksis er ein refusjon på ca. 30%.


Resultat

Rekneskapet viser inntekt på kr 3.035.314 (inkl. finansinntekt på 29.205) og utgift på kr 2.299.650. Dette gir eit overskot på kr 729.861 (2019: 714.021). Overskotet har dei siste åra auka ein del. Koronapandemien har gjort at fleire ferierar i Norge og ein har registrert eit langt høgare fiskekortsalg enn vanleg (38% auke). I 2020 var det eit bra rypeår og det gav betre inntekt enn i eit normlår. Bestanden av småvilt vil variera frå år til år. Sidan 2012 har vi freda rypa tre av åra. Inntekt frå småviltjakt er i normale år ei vesentleg inntekt for fjellstyret og redusert kortsal vil få stor innverknad på inntekta. Elgstamma er redusert og gir langt mindre inntekt enn tidlegare, men har auka litt dei siste to åra. Festeinntektene har ein klar oppgang grunna auka utbygging på Vaset. Vi har auka inntekt på oppdrag dei siste åra, men det ikkje så stort overskot då vi får auka lønnsutgifter. Fjellstyret har stor del av eigenkapitalen ståande som bankinnskot og finansinntektene er redusert som tidlegare år grunna nedgang i rentenivå. Auka overskot i 2020 kjem òg av reduserte lønnsutgifter grunna langtidssjukemelding. Rypestamma vil variere mykje frå år til år og ein må rekne med å måtte frede rypa enkelt år. I desse åra må ein rekne med å gå med underskot.

Festeinntekter blir regulert i samsvar med KPI (konsumprisindeks) og prisrammer på jakt og fiske har også vore regulert etter KPI. Auken i refusjon til oppsyn frå staten har vore mindre enn KPI. Ein stor del av fjellstyret sine utgifter er lønnskostnader og lønnsutvikling er større enn KPI, spesielt utgifter til pensjon har auka. Dette gjer at inntektsgrunnlaget til fjellstyret på sikt blir gradvis redusert. Utbygging på Vaset med auka festeinntekter, har gjort til at fjellstyret likevel har klart å auke inntektene. Om det blir ei regelendring i ny fjellov, slik at fjellstyret får minimum 50% av alle festeinntekter, vil dette slå positivt ut for fjellstyret.

Fjellstyret har dei siste åra auka inntekta og har fått betre økonomisk handlingsrom. Ein har derfor planlagt å setja opp ei fjellstyrehytte som skal leigast ut. Dette vil kunne gi like god avkastning som i bank, i tillegg vil dette vera eit svært godt tilbod til jakt-, fiske- og friluftsinteressene. Det er viktig at ein sørger for å investere i fiskekulturarbeid slik at fisket også i framtida kan vera til glede for besökande og samstundes kan gi inntekter. Det er også viktig å forvalte jaktressursane på ein slik måte at det kan vera ein berekraftig ressurs for framtida. Fjellstyret arbeider kontinuerleg med å redusere driftsutgifter og sjå på inntektsmuligheter.

Inntekter og utgifter (kpx1000)




Det store overskotet i 2007/2008 er i hovudsak pga. av innløysing av fester. Beløpet er avsett i eit fond, der rentene skal kunne brukast til drift.

Eigenkapital

Eigenkapitalen er den 31.12.20 kr 6.915.345 (2019: 6.185.484) inkludert anleggsmidler på kr 303.351 og festefond kr 1.058.134. Disponibel eigenkapital er pr. 31.12.20 kr 5.553.860 (2019: 4.947.546).

Eigenkapitalen var nokre år så låg at vi måtte låne for å drive gjennom året, men fjellstyret har dei siste åra bygd opp eigenkapitalen til eit akseptabelt nivå. Ikkje all eigekapital er disponibel, då ein del av eigenkapitalen er bunden opp i festefond, bygningar mm. Disponibel eigekapital bør ikkje gå under normal omsetning for året.

Eigekapital (kpx1000)



Slidre den 12.05.2021





Lars Kvissel
fjellstyreleiar



Ola Rogn
varamedlem



Terje Kjøs
styremedlem


Anne Berit Strømmen Strand
styremedlem
Gerd Nanti Vika Helle
styremedlem
Harald Rajum
dagleg leiar

Vedlegg: Resultatrekneskap
Balanse
Revisjonsmelding

Resultatrekneskap

Årsregnskap 2020

Resultatregnskap

	2 020	2019
Driftsinntekter og driftskostnader		
Salgsinntekt avgiftspliktig	218 574	185 010
Salgsinntekt avgiftsfri	1 142 848	991 536
Offentlig tilskudd/refusjon	336 027	335 443
Leieinntekt	1 298 286	1 238 666
Annен driftsrelatert inntekt	10 375	
Sum inntekter	3 006 109	2 750 654
Driftskostnader		
Varekostnad	5 803	2 554
Lønnskostnad	1 427 466	1 263 902
Driftskostn. og av- og nedskrivninger	533 931	418 233
Annen driftskostnad	338 252	394 913
Sum driftskostnader	2 305 453	2 079 602
Driftsresultat	700 656	671 052
Finansposter		
Renteinntekter	29 205	42 969
Rentekostnader		
Årsresultat	729 861	714 021

Vestre Slidre Fjellstyre - Resultat 2020

	2020	2019
Salgs og driftsinntekt		
3000 - Rognsalg	27 352	23 855
3010 - Kartsalg avg. pliktig	20 745	8 585
3030 - Elgtrekk utleie	230	904
3050 - Oppdrag utleige avg.pl	170 247	148 991
3060 - Varesalg /uttak av varer		2 675
3102 - Rådyrkort/jakt avg.fri	600	800
3110 - Elgjakt fritake for MVA	117 013	110 996
3121 - Fiskekort utanbygds	353 696	288 874
3122 - Fiskekort innanbygds	76 995	61 550
3123 - Fisking i Valdres	18 672	10 195
3130 - Jaktkort smårvovsamt	4 356	3 900
3131 - Jaktkort utanbygds	394 845	359 190
3133 - Jaktkort innanbygds	32 392	30 176
3134 - Treningskort	131 480	115 685
3141 - Diverse inntekter	2 762	
3151 - Andre avgiftsfrie inntekter	10 036	10 170
3410 - Vassdragreg. & premiering Bægav.	11 176	11 176
3430 - Refusjon oppsynutg. stat	324 851	324 267
3600 - Festeavgift	1 227 300	1 194 316
3602 - Hytteutleige Flikja	35 570	35 560
3603 - Båtutleige	5 500	
3650 - Leieinntekt beite	29 916	8 790
3900 - Annen driftsrelatert inntekt	10 375	
Driftsinntekter	3 006 109	2 750 654
Varekostnad		
4090 - Lagerending kart	-5 803	-2 554
Dekningsbidrag	3 000 306	2 748 100
5000 - Lønn fjellop syn fast	-507 995	-603 913
5001 - Div tillegg fjellop syn	-47 575	-67 201
5005 - Lønn midlertidig tilsette	-181 332	-76 322
5010 - Tapt arbeidsfortj. fjellstyremedlemmer	-11 462	-14 485
5020 - Kveld / helge tillegg	-26 172	-29 105
5080 - Sykelønn	-463 528	-218 388
5092 - Feriepenger	-157 982	-130 309
5250 - Pensjon klp fri & fri forsikring	-169 767	-193 984
5251 - Pensjon klp motkonto	169 193	193 426
5295 - Motkonto forsikringer	574	558
5310 - Trekkpl. bilgodtgjørelse	-4 893	-6 314
5330 - Møtegodtgj. fjellstyre	-82 467	-79 772
5400 - Arbeidsgiveravgift	-76 329	-67 628
5405 - Arbeidsgiveravgift av påløp. feriepenger	-10 111	-8 340
5420 - Aga.pl. pensjonskost	-169 193	-193 426

5800 - Refusjon av sykepenger	302 568	232 792
5801 - Refusjon sjukepengar aga-utrekning	302 568	232 792
5802 - motkonto Refusjon sjukep. aga-utrekning	-302 568	-232 792
5820 - Refusjon av arbeidsgiveravgift	10 541	
5920 - Yrkesskadeforsikring	-1 537	-1 492
Lønnskostnader	-1 427 467	-1 263 903
6000 - Avskriv. bygning/fast eie	-12 400	-12 400
6011 - Avskrivning på transportmidler	-35 415	-7 000
6015 - Avskrivning på maskiner	-11 080	
6250 - Bensin, dieselolje	-8 634	-4 644
6300 - Leie lokale	-44 912	-44 912
6320 - Reinhold lokale	-4 292	-4 292
6340 - Lys/varme lokaler	-13 825	-15 582
6420 - Leie datasystemer	-10 390	-10 334
6500 - Utstyr/mater.kjøp/rep. lager mm	-13 680	-8 744
6501 - Bu i Flikja - Mjølke-lars	-2 688	-9 761
6530 - Telefon/datautstyr mm	-14 341	-13 561
6570 - Arbeidsklær og arbeidsutstyr	-25 249	-10 582
6600 - Fiskekulturarbeid & stamfiske	-89 973	-96 162
6620 - Jakt & fiskestatistikk	-10 800	-13 997
6630 - Friluftsmidler	-39 586	-41 264
6650 - Snøscooter/elgtrekk	-14 002	-1 401
6690 - Diverse utgifter	-22 721	-12 681
6701 - Revisjonshonorar	-26 130	-10 490
6705 - Regnskapshonorar	-89 227	-87 677
6800 - Kontorrekvisita mm	-7 550	-6 870
6840 - Aviser, tidsskrifter, bøker o.l	-400	
6860 - Møte, kurs, oppdatering o.l	-32 807	-622
6902 - Mobil 957 04 838 fjellst. H.Ranum	-2 311	-1 896
6940 - Porto	-1 517	-3 363
Driftskostnader og av- og nedskriving	-533 930	-418 235
7100 - Bil & km godt gj. oppg.pli	-49 140	-50 097
7140 - Diett/reise utgifter	-368	-16 720
7200 - Provisjon kortsalg	-117 452	-106 055
7321 - Annonser	-2 288	-3 134
7324 - Internett, domene, infoside mm	-9 399	-10 600
7400 - Kontingent, fradragsberettiget	-120 760	-136 744
7420 - Tilskott	-1 365	-32 155
7500 - Forsikringspremie	-15 494	-12 844
7710 - Styre & bedr.forsaml.møte	-5 544	-5 776
7740 - Øredifferanser ved avstemming	25	53
7750 - Eiendom- og festeavgift	-562	-803
7770 - Bank- og kortgebyr	-3 546	-2 596
7771 - Purregebyr kunder/leverandør		-70
7790 - Administrasjonsavgift jakt mm	-12 360	-17 373
Annen driftskostnad	-338 253	-394 914

Driftsresultat	700 656	671 048
8051 - Renteinntekt bankinnskudd	29 205	42 969
Ordinært resultat	729 861	714 021
Årsresultat	729 861	714 021
8800 - Årsresultat	729 861	714 021

Balanse

	Regnskap i år	Regnskap i fjor
Eiendeler		
1100 - Lager vaset	40 000	50 000
1101 - Naust til settefiskarb. (m. mvafrådrag)	28 400	30 800
1201 - Polaris Snøscooter 600 RMK 144 JS6186	1	1
1202 - Polaris 800 Assault RMK 146 (solgt 2020)	0	21 000
1203 - Polaris 800 Titan - ES9090	97 661	
1290 - Andre driftsmidler	15 522	
1291 - Campingvogn - Cabby DLX 562	28 800	
1352 - Aksjer	1	1
1353 - Valdres utmarkskontor	1	1
1356 - KLP egenandelinnskudd	92 964	78 000
1395 - Langs. fordr. fosa as	1	1
Anleggsmidler	303 351	179 804
1460 - Lager kart	6 398	12 202
1500 - Kundefordringer	135 915	119 165
1577 - Refusjon av utgifter	0	0
1710 - Påløpt renteinntekt	0	-8
1750 - Påløpt inntekt/forskuddsbet.kostn.	89 000	14 000
1900 - Uttak & manglande bilag	0	
1901 - Vipps	0	147
1920 - 2153.07.04561 driftskonto	3 432 926	2 922 354
1930 - 2153.60.04669 kapitalkont	3 234 109	3 206 082
1935 - 2153.07.08567 oppdragskto	16 359	19 785
1936 - 2153.52.26269 jaktkort	0	31
1938 - 2153.5210451 Vasetutbygging	77 347	41 055
1950 - 2153.69.00125 skattetrekk	180 460	143 267
Omløpsmidler	7 172 514	6 478 080
Eiendeler	7 475 865	6 657 884

Egenkapital og gjeld

2050 - Annen egenkapital	-5 857 211	-5 127 350
2055 - Fond for innløste festeavgifter	-1 058 134	-1 058 134
Oppjent egenkapital	-6 915 345	-6 185 484
2400 - Leverandørgjeld	-105 482	-52 410
2600 - Forskuddstrekk	-180 460	-143 267
2650 - Fagforeningskontingent	738	552
2701 - Utgående merverdiavgift, høy sats	-54 643	0
2711 - Inngående merverdiavgift, høy sats	51 366	0
2740 - Oppgjørskonto merverdiavgift	0	-22 232
2770 - Skyldig/betalt arbeidsgiveravgift	-13 188	-26 477
2780 - Påløpt arbeidsgiveravgift	-10 110	-8 339
2920 - Erstatningsfond /Vasetutbyggingen	-77 347	-41 055
2930 - Skyldig lønn	0	0
2931 - Utlegg tilsette	-106	-106
2940 - Skyldige feriepenger	-157 982	-130 309
2960 - Påløpt kostnad og forskuddsbet. inntekt	-13 304	-48 757
2961 - Forskuddsbet. fiskekort, jaktkort		0
Kortsiktig gjeld	-560 518	-472 400
Egenkapital og gjeld	-7 475 863	-6 657 884

Revisjonsmelding

NILSONS REVISJONSKONTOR A/S

Storgt. 69
Bankforbindelse:
Etnedal Sparebank
2140.04.01648
Revisornr. 988 913 081

Postboks 117
2882 Dokka
Telefon 61 11 25 70
Telefax 61 11 19 74
post@nilsonsrevisjon.no

Medlem i Den norske revisorforening

UAVHENGIG REVISORS BERETNING
Til årsmøtet i Vestre Slidre Fjellstyre

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert 'Vestre Slidre Fjellstyre' årsregnskap som viser et overskudd på kr 729 861. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2020, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoene og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2020, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoene i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Styrets ansvar for årsregnskapet

Styret (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgjøre en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

DOKKA, 17. februar 2021

Nilsons Revisjonskontor AS



Steinar Nilson
Statsautorisert revisor



VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Vestre Slidre fjellstyre

Postadresse: Slidrevegen 20, 2966 Slidre

Telefon kontor: 61345088/61345089

Telefon mobil: 957 04 838 / 909 21 654

E-post: vestre.slidre@fjellstyra.no

Internett: www.vestre-slidre-fjellstyre.no/

www.facebook.com/VestreSlidrefjellstyre